



Arkoconsult AS  
Tom Andre Sivertsen  
pb. 103 HTB-bygget  
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/3667 - 14/16872

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
11.07.2014

## Ferdigattest - gbnr 188/786, Gjervik ytre - bustad

**Tiltakshavar:** Rili Eiendom AS, 5937 Bøvågen  
**Ansvarleg søkjar:** Arkoconsult AS, 5291 Valestrandsfossen  
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 03.01.2013 (rammeløyve). For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 17.06.2014.

### Skildring

Adresse:	Langheiane 20, 5914 Isdalstø
Bygningstiltak:	Einestad og garasje
Bygningsnummer:	300392884 (bustad) og bygningsnr. 300415748 (garasje).
Bruksareal:	220 m <sup>2</sup> (bustad) og 47 m <sup>2</sup> (garasje).
Avlaup:	Offentleg
Vatn:	Offentleg

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §21-10 vert det gjeve ferdigattest for bustad på gnr. 188, bnr. 786. Bygningen eller delar av bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. |20-1, bokstav d.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3667.

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konst. fagleiar

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Rili Eiendom AS

Bøvågen

5937

BØVÅGEN

**mottakarar:**

Arkoconsult AS

pb. 103 HTB-  
bygget

5291

VALESTRANDSFOSSEN